

IDEAR TIL SOSIALE AKTIVITETAR:

- Turar i skog og mark.

Gå til trimbøker som ligg ute i postkassar:

Tubba, Hillestadstølen, Øvrebøstølen, Fantahiller, Stemingo el.

- Ta med niste/ kveldsmat på tur

- Lag natursti/rebusløp på vegen

- Heng opp refleksar å ha refleksjakt ein mørk ettermiddag

- Aking og ski om vinteren. Heggmyrane.

- Brettspel i kantina eller på sfo

- Karneval/ haloween

- Juleverkstad/ julekakebaking

- Skytebana

-Kvar familie bidreg med den maten dei vil og set på bordet. Dette kan bli eit spennande felles måltid.

JULEFEST.

JULEFEST for 1.-7.klasse blir kvart år arrangert og organisert av lærarane/skulen, med hjelp av foreldre som får arbeidsoppgåver satt opp på eiga arbeidsliste og sendt heim i elevane si mappe.

SOMMARFEST.

SOMMARFEST 1.-4.klasse på slutten av skuleåret blir kvart år arrangert av klassekontakt i 4.klasse. Finn ein ettermiddag som kan passa for dei fleste. Dei siste åra har det vorte tent opp store grillar (som står i Moane) og kvar enkelt familie tek med grillmat, drikke og klappstolar sjølve.

Her er det vanleg å gi kontaktlærer (og evt andre lærarar og assistentar) ei koseleg sommarhelsing frå elevar og foreldre😊

5.-7.klasse arrangerar egne sommarfestar, ofte kvar klasse for seg. Klassekontakt tek initiativ.